



DEN NORSKE KYRKJA

Skodje sokneråd

Møtebok Skodje sokneråd

Møtedato: 19.09.2024
Møtetid: kl. 19:00
Møtestad: Kyrkjebrakka på Skodje

Innkalla: Arnstein Sæthre, Tove Solheim Kristensen, Ragnvald Holvik, Bitten Kvilekval, Lars Flåte, Bente Vadset, Knut Bjune, Jan Løkkeborg (sokneprest), Astrid Josefine Eide (dagleg leiar, ref.)

Varamedlem: Skodje sr har ikkje varaliste

Forfall: Tove Solheim, Bente Vadset

Vedtaksføre: 6

Saker

Sak 27/24: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 28/24: Godkjenning av møteprotokoll frå 22.08.24

Sak 29/24: Val av referent hausten 2024

Sak 30/24: Orienteringssaker / skriv og meldingar

Nytt frå stab og utval

- Presentasjon av ny kateket; Solveig Frafjord Withcomb
- Tilsettingsprosess ny kontor
- Fellesrådet v/representant
- Kyrkjebasar v/ Bente Vadset
- Vedlikehald og synfaring v/Astrid
- Prosesjonskors v/Astrid Eide
- Alternativ temarekke v/Jan Løkkeborg *m/vedlegg*

Sak 31/24: Permisjonssøknad frå nestleiar

Sak 32/24: Signaturrett og prokura for dagleg leiar og styreleiar

Sak 33/24: Gåve frå soknet til konfirmantane: Konfirmantsalmeboka

Sak 34/24: Medarbeidarfest 2025

Sak 35/24: Oppnemning av medlemmar til råd og utval

Sak 36/24: Gudstenesteliste vår 2025



DEN NORSKE KYRKJA

Skodje sokneråd

Sak 27/24: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Skodje sokneråd godkjenner innkalling og sakliste utan merknadar

Sak 28/24: Godkjenning av møteprotokoll frå 22.08.24

Vedlegg: Møteprotokoll 22.08.2024

Vedtak:

Skodje sokneråd godkjenner møteprotokoll frå 22.08.24 utan merknadar

Sak 29/24: Val av referent hausten 2024

Vedtak

Skodje sokneråd vel dagleg leiar som referent/sekretær for hausten 2024. I fråvær av dagleg leiar er nestleiar referent.

Sak 30/24: Orienteringssaker / skriv og meldingar

Nytt frå stab og utval

- Presentasjon av ny kateket i soknet; Solveig Frafjord Withcomb
- Tilsettingsprosess ny kontor
 - Tre kandidatar til intervju
 - Endeleg innstilling og utsending av tilbod vert gjort ila. veke 40
- Fellesrådet v/ representant
 - Budsjettframlegg for 2025.
 - Utviding av kyrkjegarden på Skodje kyrkjegard var ikkje oppe som sak.
- Kyrkjebasar v/ Bente Vadset
 - Bedehuset er booka 22.03.2025.
- Kyrkjestova v/Lars Flåte
 - Kyrkjestovekomitéen har fått tilsendt sak 18/24. Lars Flåte vil følgje med
- Prosesjonskors v/Astrid Eide
 - Prosesjonskorset er formelt sett i bestilling. Kjell Gunnar Overøye startar arbeidet på nyåret.
- Alternativ temarekke v/Jan Løkkeborg *m/vedlegg*
 - Jan orienterer. Soknerådet er fremdeles positive. Han presiserer at ved særskilte høgtidsdagar i kyrkjeåret vil den originale tekstrekka vere gjeldande.

Vedtak:

Skodje sokneråd tek skriv og meldingar til vitande.

Sak 31/24: Permisjonssøknad frå nestleiar og oppnemning av medlem til AU

Saksframlegg:



DEN NORSKE KYRKJA

Skodje sokneråd

Nestleiar, Tove Solheim Kristensen, søker om permisjon frå soknerådet ut 2024. Nestleiar er medlem av arbeidsutvalet (AU), det er derfor behov for å oppnemne eit medlem frå soknerådet som kan stille i AU ut året.

Formelt val av ny nestleiar gjerast i forbindelse med nytt val av *leiar og nestleiar* for 2025. Dette gjerast på møtet i desember (evt. januar 2025).

Forslag til vedtak:

- a. Skodje sokneråd innvilger Tove Solheim Kristensen sin søknad om permisjon ut 2024.
- b. Skodje sokneråd oppnemnar Knut Bjune som medlem av AU ut 2024.

Sak 32/24: Signaturrett og prokura for dagleg leiar og styreleiar

Saksframlegg:

Det er behov for å ordne dei formelle rettighetene til dagleg leiar og styreleiar (soknerådsleiar) i Brønnøysundregistra.

Vedtak:

For Skodje sokneråd skal dagleg leiar og styreleiar ha signaturrett i fellesskap. Dagleg leiar og styreleiar skal ha prokura kvar for seg.

Sak 33/24: Gåve frå soknet til konfirmantane: Konfirmantsalmeboka

Saksframlegg:

Kateketen ønsker å dele ut «konfirmantsalmeboka» som gåve frå soknet til konfirmantane. Ønske om et spleiselag mellom konfirmantarbeidet og soknerådet for innkjøp av disse.

Vedtak:

Skodje sokneråd ønsker å gi «Konfirmantsalmeboka» i gåve til konfirmantane og ber kateketen bestille inn dette.

Sak 34/24: Medarbeidarfest 2025

Saksframlegg:

Sokneråda og stab i Ørskog og Skodje samarbeidar om å lage til fest for frivillige medarbeidarar i begge sokna. Det er behov for å opprette eit samarbeid med Ørskog sokneråd kring dette.

Vedtak:

Skodje sokneråd ønsker å invitere, i samarbeid med Ørskog sokneråd, til medarbeidarfest på Brusdalsheimen. Jan Løkkeborg vert gitt ansvaret for å koordinere og involvere naudsynte ressursar frå både stab og sokneråd. Det skal leggast til rette for at begge sokn vert representerte i planlegginga av programmet.



DEN NORSKE KYRKJA

Skodje sokneråd

Sak 35/24: Oppnemning av medlemmar til råd og utval (ref sak 24/24)

Saksframlegg:

- a) Sidan førre møte i soknerådet har Knut og Arnstein hatt i oppdrag å legge fram forslag til medlemmer av diakoniutvalet, NaMu-utvalet og leiar av kyrkjebasarkomité.
- b) Soknerådet blir samtidig utfordra på oppnemning av KN-kontakt for Skodje sokn. Dagleg leiar kan stå som kontakt for tilsending av materiell og vidareformidling av informasjon frå Kirkens Nødhjelp til dei det gjeld. KN-kontakt vil ha ansvar for organisering av Fasteaksjonen i tett samarbeid med kateketen.

Vedtak:

- a) Skodje sokneråd seier seg einige i forslaga til råd og utvalg som er lagt fram i møtet. Soknerådet ber Knut Bjune følge opp fleire forslag til medlemmar til diakoniutvalet og NAMU-utvalet.
- b) Arnstein Sæthre oppnemnast som ansvarleg for organisering av Fasteaksjonen. Dette gjerast i samarbeid med kateketen. Dagleg leiar er administrativ kontakt og bindeledd mellom KN og ansvarleg for organisering av Fasteaksjonen og kateketen.

Sak 36/24: Gudstenesteliste vår 2025

Vedlegg: Gudstenesteliste vår 2025

Saksframlegg:

Det føreligg eit forslag om å kutte 06.04, då det er tre gudstenester på rad kl 11.00. Det er fem gudstenester i mars. Jan sitt forslag er å kutte 30.03. Alternativt ha kveldsgudsteneste 23.03 og kutte 30.03. På den måten får vi fire søndagar etter kvarandre. Vi har allereie fire gudstenester i mars, tre på søndagar. Det er ei utfordring dei månadane det er fem søndagar.

Vedtak:

Skodje sokneråd godkjenner forslag til gudstenesteliste våren 2025.

Skodje sokneråd vedtek ein intensjon om å gjennomføre ei felles gudsteneste med Ørskog sokn på 1. påskedag. Gudstenesta skal utformast som ei festgudsteneste med deltaking frå kyrkjekor og messingblåsarar. Skodje sokneråd ser for seg at dette kan utviklast til ein årleg tradisjon der sokna byter på å vere vertskap. Målsettinga med samarbeidet er å samle krefter frå det lokale musikklivet, frivillige i sokna og kyrkjelydsstaben, for å skape ei rik og inkluderande påskefeiring i begge sokn.

Neste møte i Skodje sokneråd: 24.10.2024

Astrid J. Eide, dagleg leiar (ref.)